



# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## **Konkurransesgrunnlag**

Konkurranse med forhandling i eitt trinn ved anskaffing av:  
**Kvalitetssikring og utføring av kostnadsoverslag**

**HFK-15-0226**

## Innhold

1	GENERELL SKILDING	3
1.1	Oppdragsgjevar	3
1.2	Føremålet med anskaffinga	4
1.3	Deltilbod	5
1.4	Oppbygginga av konkurransegrunnlaget	5
1.5	Kunngjering	5
1.6	Viktige datoar	6
2	REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD	6
2.1	Anskaffingsprosedyre	6
2.2	Teieplikt	6
2.3	Offentlegheit	7
2.4	Atterhald og avvik	7
2.5	Frist tilbodet står ved lag til	7
2.6	Oppdatering av konkurransegrunnlaget	7
2.7	Tilleggsopplysningar	8
2.8	Deltakingskostnadar for leverandøren	8
3	KVALIFIKASJONSKRAV	8
3.1	Lovpålagte krav	9
3.2	Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling	9
3.3	Leverandørens økonomiske og finansielle stilling	10
3.4	Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar	10
3.5	Forpliktingsfråsegn	11
4	TILDELINGSKRITERIUM	11
5	INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING	13
5.1	Innlevering av tilbod	13
5.2	Utforming av tilbodet	13
6	VEDLEGG	14

## 1 GENERELL SKILDRING

### 1.1 Oppdragsgjevar

Hordaland fylkeskommune er ein av fylket sine største arbeidsgjevarar med 4 600 tilsette og eit årleg driftsbudsjett på om lag 7 087 millionar kroner (2014).

Organisasjonen Hordaland fylkeskommune (HFK) består av Fylkesadministrasjonen, Bybanen Utbygging, Skyss, om lag 43 vidaregåande skular, og 6 tannhelsedistrikt med totalt 56 tannklinikkar.

Hordaland fylkeskommune er sertifisert Miljøfyrtårn. Dette inneber at det vert stilt visse krav til miljøtiltak hos leverandørar til HFK. Krava går fram av dette konkurransegrunnlaget med vedlegg.

Overordna samfunnsoppdrag:

Hordaland fylkeskommune, HFK, har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

Samfunnsoppdrag for avdelingane:

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov. Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.

Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune skaper rom for eit rikt og mangfaldig kulturliv i Hordaland. Vi medverkar til at alle kan oppleve tradisjonell og nyskapande kunst og kultur og delta i idrett og fysisk aktivitet. Vi vernar kulturminna og tek vare på historia vår for framtida. I samarbeid med kommunar, institusjonar og frivillige utviklar vi kulturen og samfunnet til gagn og glede for alle.

Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at fylket har eit funksjonelt transporttilbod med bil, bane, båt og buss. Vi driftar, planlegg og utviklar kollektivtilbodet og fylkesvegane for at folk skal reise trygt og miljøvennleg til jobb, skule og fritidsaktivitetar.

Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune gir tannhelsetenester til alle under tjue år. Vi behandlar menneske med psykisk utviklingshemming, mottakarar av heimesjukepleie,

personar på institusjonar og rusavhengige. Vi har ein unik kompetanse som òg kjem vaksne betalende pasientar til gode. Gjennom førebyggjande arbeid og behandling legg vi grunnlag for god folkehelse i Hordaland.

Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune stimulerer til nyskaping, vekst og sysselsetting i Hordaland. Vi er ein pådrivar og støttespelar for kommunar og næringsliv, driv samfunnsutvikling og legg til rette for ei berekraftig forvaltning av naturressursane.

For meir informasjon om oppdragsgjevar sjå [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er:

Namn:	Karianne Mjøs-Haugland
Postadresse:	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen
e-post	<a href="mailto:karianne.mjøs-haugland@hfk.no">karianne.mjøs-haugland@hfk.no</a>

Eventuelle spørsmål til konkurransen skal sendast inn via spørsmålsfunksjonen i leverandørportalen, ikkje på e-post til kontaktperson.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hjå oppdragsgjevar om anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## **1.2 Føremålet med anskaffinga**

Anskaffinga er ein rammeavtale for kvalitetssikring på gjennomførte kostnadsoverslag for vegprosjekt/bompengepakkar for HFK. Kvalitetssikringa skal ta utgangspunkt i KS2-metodikk. I tillegg kan det også vere behov for å gjere reine kostnadsoverslag, sjå meir i Vedlegg A Kravspesifikasjon.

For første avrop i rammeavtalen skal det gjennomførast ei kvalitetssikring av kostnadsoverslaga for bompengepakken «Kvammapakken». Arbeid med dette vil starte september 2015.

For oppdraget vil ein inngå rammeavtale med ein leverandør. Lengda av rammeavtalen vil vere 2 år. Oppdragsgjevar skal ha opsjon på forlenging av rammeavtalen i ytterlegare 1 +1 år, til saman maksimalt 4 år.

Det vert understreka at einaste sikre volum på avtalen per juni 2015 er gjennomføring av kvalitetssikring av kostnadsoverslaga for Kvammapakken og kostnadsoverslag for ny Håfjellstunell, men det er sannsynleg at det i avtaleperioden vil komme meir.

Skildring av leveransen for Kvammapakken følger av vedlegg A til kontrakt - Kravspesifikasjon.

### **1.3 Deltilbud**

Det er ikkje høve til å gje tilbud på delar av oppdraget.

### **1.4 Oppbygginga av konkurransegrunnlaget**

Del 1: Dokument knytta til kvalifiseringssøknad. Del 1 har følgjande bilag:

- Bilag A – Søknadsbrev kvalifisering
- Bilag B – HMT-eigenfråsegn
- Bilag C – Mal referanseskjema
- Bilag D – Forpliktingsfråsegn
- Bilag E – Eigenfråsegn om bortfall av teieplikt
- Bilag F - Eigenfråsegn om vandel

Del 2: Bilag G – Tilbodsbrief

Del 3: Kontraktsdokumenta med tilhørande vedlegg som vil bli lagt til grunn for anskaffinga. Leverandøren skal basere tilbudet på dei krav og betingelsar som kjem fram i dei nemnde dokumenta.

Ved innsending av tilbud skal aktuelle vedlegg til kontrakten som følgjer i pkt. 5 leggjast ved.

<b>Alle rubrikkar skal vere kryssa av (Ja eller Nei):</b>	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>
Vedlegg A: Kravspesifikasjon	X	
Vedlegg B: Leverandøren si skildring av leveransen	X	
Vedlegg C: Pris	X	
Vedlegg D: Tidslengd og framdrift		X
Vedlegg E: Administrative føresegner	X	
Vedlegg F: Einingar i avtalen	X	
Vedlegg G: Endringar i avtalen etter avtaleinngåing	X	
Andre vedlegg:		X

### **1.5 Kunngjering**

Konkurransen er kunngjort i DOFFIN-databasen – Sjå [www.doffin.no](http://www.doffin.no)

## 1.6 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering sendt til DOFFIN	30.06.2015
Siste dag for spørsmål til konkurransegrunnlaget	07.08 2015 kl 12:00
Frist for å levere tilbod	19.august 2015 kl 12:00
Frist som tilbodet står ved lag til	30.november 2015
Evaluering/Forhandling	Veke 35-37
Melding om val av leverandør	Veke 37
Klagefrist	Veke 39
Kontraktsinngåing	Veke 39

Vi gjer merksam på at tidspunkta etter opning av tilboda, med unntak av vedståingsfristen, er rettleiande.

## 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 16. juli 1999 nr. 69 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) av 7. april 2006 nr. 402. del II. Kontraktstildeling vil bli gjennomført etter prosedyren konkurranse med forhandling, jf. FOA § 5-1.

Alle interesserte leverandørar får høve til å levere tilbod. Forhandlingane vil kunne bli gjennomførde i fleire fasar for å redusere det talet på tilbod det blir forhandla om. Ein fyrste reduksjon av tilbod vil kunne skje før forhandlingane tek til. Reduksjonen av talet på tilbod det blir forhandla om, skjer på bakgrunn av ei vurdering av tildelingskriteria, jf. § 11-8(1) i forskrifta.

Berre dei tilbydarane som oppfyller kvalifikasjonskrava vil få tilboda sine evaluerte.

### 2.2 Teieplikt

Oppdragsgjevar og dei tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det av konkurranseomsyn vil vere grunn til å halde hemmeleg, jf. FOA § 3-6, jf. forvaltningslova § 13.

### **2.3 Offentlegheit**

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og innkjøpsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokollar som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort ymse unntak frå innsynsretten i offentliglova. Av desse unntaka er unntaket for innsyn i opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentliglova § 13, jf. forvaltningsloven § 13. Tilbydarane skal levera ei oversikt over kva opplysningar ein meiner er unnateke innsyn, samt signera eigenfråsegn på at oppdragsgjevaren er friteken frå teieplikt i forhold til opplysningar som ikkje er særskild identifiserte som teiepliktige i tilbydaren si oppstilling. Mal for dette er vedlagt i Bilag 2. Ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren uavhengig av dette vurdere kor vidt opplysningane er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekta innsyn, jf. offentliglova § 29.

Oppdragsgjevar er pålagt å følgje prinsippet om meirinnsyn, jf. Offentleglova § 11.

### **2.4 Atterhald og avvik**

Dersom leverandøren tek atterhald mot delar av konkurransegrunnlaget/ kravspesifikasjonen/ kontrakt eller andre konkurransedokument, skal dette klart gå fram av tilbodet. Atterhalda skal spesifiserast med kva konsekvensar dette har for yting, pris eller andre forhold i bilag G til konkurransegrunnlaget Tilbodsbrief, om tilbydar sine atterhald og avvik.

Det same gjeld for avvik. Atterhald og avvik skal vere presise og eintydige og takast inn i bilag G slik at oppdragsgjevar kan vurdere dei utan kontakt med leverandøren. Vesentlege atterhald og avvik vil føre til at tilbodet blir avvist.

Tilvising frå leverandøren til standardiserte leveringsvilkår eller liknande vil bli vurderte som atterhald dersom dei avvik frå føreliggjande konkurranse- eller kontraktreglar.

### **2.5 Frist tilbodet står ved lag til**

Leverandøren må stå ved tilbodet sitt til det tidspunktet som er oppgjeve i pkt. 1.6 ovanfor.

### **2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga på HFK sin leverandørportal.

## **2.7 Tilleggsopplysningar**

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgjevar ved kontaktpersonen hjå oppdragsgjevar. Eventuelle spørsmål til konkurransegrunnlaget må sendast inn innan fristen i pkt. 1.6.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, bed ein det om at dette blir formidla skriftleg til kontaktpersonen hjå oppdragsgjevar.

Førespurnad om tilleggsopplysningar eller informasjon om feil i konkurransegrunnlaget skal sendast inn via spørsmålsfunksjonen i HFK sin leverandørportal.

## **2.8 Deltakingskostnadar for leverandøren**

Kostnadar som leverandøren pådreg seg i samband med utarbeiding, levering og oppfølging av tilbodet og anskaffingsprosessen for øvrig blir ikkje refunderte.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikte oppdragsgivaren til å inngå kontrakt med leverandøren eller påføre oppdragsgivaren økonomiske plikter.

## **3 KVALIFIKASJONSKRAV**

Leverandøren må oppfylle krava som er lista under for å vere kvalifisert for deltaking i konkurransen. Leverandøren er ansvarleg for å levere all naudsynt dokumentasjon knytt til krava som er stilt. Manglande dokumentasjon eller mangelfulle opplysningar kan føre til at tilbodet vert avvist, jf. FOA § 11-10.



### 3.1 Lovpålagte krav

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha ordna forhold m.o.t. skatteinnbetaling og meirverdiavgiftsinnbetaling.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skatteattest for skatt, ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist</li> <li>• Skatteattest for meirverdiavgift, ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist</li> </ul> <p>Attest(ar) for skatt og meirverdiavgift blir utferda av Skatteetaten via Altinn frå 1.10.14.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utanlandske leverandørar skal leggje fram attestar frå tilsvarande styresmakter som dei norske.</li> </ul>
Leverandøren skal ha eit fungerande HMT- system (HMS-system).	HMT-eigenfråsegn. Mal som er vedlagt konkurransegrunnlaget kan nyttast, jf. bilag B.
Leverandøren skal ikkje vere rettskraftig dømt for deltaking i ein kriminell organisasjon eller for korrupsjon, bedrageri eller kvitvasking av pengar.	Eigenfråsegn omandel. Mal som er vedlagt konkurransegrunnlaget kan nyttast, jf. bilag F.

### 3.2 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Norske selskap: Firmaattest</li> <li>• Utanlandske selskap: Godtgjering på at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister som føreskrive i lovgjevinga i det landet der leverandøren er etablert</li> </ul>

### 3.3 Leverandørens økonomiske og finansielle stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha økonomisk kapasitet til å gjennomføre oppdraget/kontrakten	<p>Leverandørens årsrekneskap inkludert notar med styre- og revisjonsmelding frå det siste året.</p> <p>Om årsrekneskapen for fjoråret ikkje er ferdigstilt ved dato for tilbudsfrist i denne konkurransen skal det i tillegg leggjast ved mellombels årsrekneskap for fjoråret.</p> <p>Oppdragsgjevar tek atterhald om å sjølv innhente ei kredittvurdering av leverandøren. Finansiell styrke vert vurdert i forhold til omsetning, resultatgrad, soliditet og likviditet.</p>

Dersom leverandøren av gyldige grunnar ikkje kan leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgjevar har bede om, kan han godtgjere den økonomiske og finansielle stillinga si med eit kvart anna dokument som oppdragsgjevar kan akseptere.

### 3.4 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere uhilda.	Leverandøren skal bekrefte at Leverandøren er uavhengig i dei enkelte oppdraga.
Leverandøren skal ha erfaring frå minimum 3 oppdrag der ein har brukt KS2-metodikk i løpet av dei siste 3 åra.	Skildring av dei 3 mest relevante oppdraga frå leverandøren i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere informasjon om verdien av oppdraget, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post.) Referansar vil kunne bli kontakta ved behov for klårgjering av relevansen av oppdraget. Det er likevel slik at det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren skal nytte referanseskjema i bilag C.
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg gjennomføringsevne og kapasitet.	Gjere greie for den gjennomsnittlege arbeidsstyrken hjå leverandøren i løpet av siste 3 år.
Leverandør skal ha eit godt og velfungerande kvalitetssikringssystem for	Gjere greie for leverandøren sitt kvalitetssikringssystem/-styringssystem

<b>Krav</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
ytingane som skal leverast.	
For å sikre at miljørelevante krav i kontrakten blir etterlevde, skal leverandøren ha tilstrekkeleg miljøkompetanse og rutinar for kvalitetssikring av dei tenestene som er omfatta.	Gjere greie for leverandørens miljøkompetanse og rutinar som dokumenterer at kravet er dekt. Dersom dette er skildra i verksemda sitt kvalitets- eller miljøleingsystem i samsvar med ISO 9001, ISO 14001 eller tilsvarande 3.partsverifiserte system, er det nok å leggje fram eit gyldig sertifikat.

### **3.5 Forpliktingsfråsegn**

Leverandørar kan støtte seg på andre leverandørar for å oppfylle Kvalifikasjonskravet «Krav til økonomisk og finansiell stilling» i punkt 3.3 og Kvalifikasjonskravet «Krav til tekniske og faglege kvalifikasjonar» i punkt 3.4. Dersom Leverandøren støttar seg på andre leverandørar for å oppfylle kvalifikasjonskravet, må det leverast forpliktingsfråsegn frå denne leverandøren. I tillegg må det leverast dokumentasjon knytt til denne leverandøren sin økonomiske og finansielle stilling eller tekniske og faglege kvalifikasjonar. Manglande dokumentasjon i dei tilfelle der det er naudsynt med ein samarbeidspartner/underleverandør for å oppfylle kvalifikasjonskravet vil medføre avvising. Forpliktingsfråsegn i bilag D kan nyttast.

## **4 TILDELINGSKRITERIUM**

Berre tilbod som er leverte av kvalifiserte tilbydarar og som innfrir dei obligatoriske krava og spesifikasjonane som er oppgjevne i konkurransegrunnlaget medrekna kontraktutkastet og kravspesifikasjonen vil bli vurderte.

Tildelinga skjer på basis av kva for tilbod som er det økonomisk mest fordelaktige, basert på desse kriteria:

<b>Kriterium</b>	<b>Vekt</b>	<b>Dokumentasjonskrav</b>
Pris	30 %	Timeprisar for personell tilbydd i rammeavtalen.  Ferdig utfylt Vedlegg C: Prisskjema Prisskjema inneheld 2 arkfanar.

Kriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Kvalitet	40 %	<p>Oppgåveforståing og plan for korleis Kvammapakken skal løysast.</p> <p>Leverandøren si skildring for leveransen for Kvammapakken er grunnlag for forståing av korleis slike oppdrag skal løysast, og vil vere grunnlag for kvalitetskriteriet for rammeavtalen.</p> <p>Leverandøren skal gje ei kortfatta skildring av:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- den metodikken og planen leverandøren har for å løyse dette konkrete oppdraget (Kvammapakken, sjå Kravspesifikasjonen i vedlegg A), inkludert uvisseanalyse</li> <li>- ein forpliktande framdriftsplan som skal innehalde milepelar og tidspunkt for slutføring av prosjektet, og skal syne forventa ressursbruk hjå leverandøren (i form av estimert timetal for dei ulike aktivitetane) og hjå oppdragsgjevar. Når det gjeld framdriftsplanen vil oppdragsgjevar mellom anna leggje vekt på at tids- og ressursbruken synest fornuftig mht oppgåveløysinga</li> </ul> <p>Ferdig utfylt Vedlegg B, pkt 1.</p>
Relevant kompetanse hos tilbydd personell	30 %	<p>Kortfatta oversyn over utdanning og erfaring/rolle (CV) i prosjekt til dei namngjevne personane som blir tilbydd i rammeavtalen.</p> <p>Oppdragsgjevaren vil leggje vekt på erfaring frå liknande oppdrag.</p> <p>Leverandør skal tilby minimum 5 CV'er kor minst 3 skal være seniorpersonell.</p> <p>Leverandøren skal og namngje dei personane dei vil bruke for avropet på Kvammapakken.</p> <p>Ferdig utfylt Vedlegg B, pkt 2.</p>

Alle godkjente tilbod vil bli evaluerte med poeng på tildelingskriteria, der 6 er høgast og 0 er lågast. Tilbod med poeng 0 på tildelingskriteria utanom prisen vil bli avvist, jf. FOA § 11-11.

## 5 INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING

### 5.1 *Innlevering av tilbud*

Tilbudet skal leverast på elektronisk format i leverandørportalen til HFK. I tillegg til vanleg utforming skal tilbudet leverast som sladda versjon i redigerbar PDF. Sjå bilag 3 til konkurransegrunnlaget.

Adresse til leverandørportalen til HFK er:

<https://anskaffingar.hfk.no/Avantra/Custom/Hordaland/Modules/Purchase/Published/>

### 5.2 *Utforming av tilbudet*

Tilbudet skal utformast i samsvar med den disposisjon som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt er svara på og dokumenterte i tilbudet. Tilbudet skal leverast på norsk.

For å sikre alle leverandørane likebehandling, er det avgjerande at alle innkomne tilbud har lik struktur. Filnamnet skal merkast med riktig punktnummer.

Del 1: Tilbudsbrev med aktuelle vedlegg

Del 2: Dokument knytt til kvalifikasjonskrav

Del 3: Leverandøren sitt tilbud

Tilbudet skal innehalde følgjande punkter:

	Pkt	Dokument	Filformat
Del 1	1.1	Søknadsbrev kvalifisering (Bilag A)	PDF-format
	1.2	Skatteattest (RF-1244) for skatt/arbeidsgjevaravgift	PDF-format
	1.3	Skatteattest (RF-1244) for meirverdiavgift	PDF-format
	1.4	HMT- eigenfråsegn (Bilag B)	PDF-format
	1.5	Eigenfråsegn om godandel (Bilag F)	PDF-format
	1.6	Firmaattest	PDF-format
	1.7	Leverandørens årsrekneskap inkludert notar med styre- og revisjonsmelding frå det siste året.	PDF-format
	1.8	Stadfesting på at Leverandøren er uavhengig ift Kvammapakken	PDF-format
	1.9	Skildring av Leverandøren sine 3 mest relevante leveransar siste 3 år (Bilag C)	PDF-format

	1.10	Skildring av den gjennomsnittlege arbeidsstyrken hjå leverandøren i løpet av siste 3 år	PDF-format
	1.11	Gjere greie for leverandøren sitt kvalitetssikringssystem/-styringssystem.	PDF-format
	1.12	Gjere greie for leverandøren sin miljøkompetanse	PDF-format
	1.13	Ved eventuelle samarbeidskonstellasjonar og bruk av underleverandører skal leverandøren leggje ved følgjande: <ul style="list-style-type: none"> <li>Namn, adresse og organisasjonsnummer på underleverandør.</li> </ul> Forpliktingsfråsegn (Bilag D), samarbeidsavtale eller tilsvarande formell dokumentasjon som viser at leverandøren faktisk rår over nødvendige ressursar hos den oppgivne underleverandør må leggast ved.	PDF-format
	1.14	Oversikt over opplysningar i tilbudet som tilbydar meiner er underlagt teieplikt (Bilag E).	PDF-format
Del 2	2.1	Tilbodsbrief (Bilag G)	PDF-format
Del 3	3.1	Vedlegg B: Løysingsskildringa til leverandøren	Word-format
	3.2	Vedlegg C: Prisskjema	Excel-format

## 6 VEDLEGG

- Bilag A – Søknadsbrief kvalifisering
- Bilag B – HMT-eigenfråsegn
- Bilag C – Mal referanseskjema
- Bilag D – Forpliktingsfråsegn
- Bilag E – Eigenfråsegn om bortfall av teieplikt
- Bilag F - Eigenfråsegn om vandel
- Bilag G - Tilbodsbrief
- Kontrakt m/ vedlegg